



Sjå adresseliste
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Vår ref.:
2017/86-15

Sakshandsamar:
Signe Sollien Haugå
ssh@setesdal.no

Dato
10.01.2018

MELDING OM VEDTAK: HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I VASSFØRESEGNA

Styret i Setesdal regionråd gjorde slik samrøystes vedtak i saka i møte 14.des. 2017:

Vedtak:

Setesdal regionråd stør ikkje dei føreslegne endringane i naturmangfaldslov og vassføresegna som er til høyring.

Regionrådet tilrår at vassforvaltingsplanane bør handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova, eller at fylkeskommunen bør ha den formella rolle i vassforvaltingsarbeidet og i framtida.

Regional plan etter plan og bygningslova er eit godt verktøy for å fremje sektorovergripande og heilskapleg vassforvalting, og for å nå måla om godt vassmiljø.

Organiseringa som er i dag er viktig for å sikre god politisk forankring i kommunane, engasjere lokalsamfunna og aktiv involvering av ulike interessentar/parter knytt til vassressursane.

Det regionale nivå som fylkeskommunane representerer bør framleis ha plan- og prosessansvar for dei regionale vannforvaltingsplanane med tiltaksprogram fordi fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regionale samordnar og samfunnsutviklar.

Omfattande endringar i vannforskrifta må ev gjerast på grunnlag av evaluering av prosess og måloppnåing knytt til vannforvaltingsplanar, tiltaksplaner.

Styret syner elles vurderingane i saksframlegget, til høyringsuttale frå Aust-Agder fylkeskommune frå Bykle kommune og Valle kommune og sluttar seg til desse

Vedlagt følger samla saksframstilling.

Med helsing
Setesdal regionråd

Signe Sollien Haugå
dagleg leiar

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

Postboks 8013 DEP

0030

OSLO

Kopi:

Aust-Agder fylkeskommune
Evje og Hornnes kommune
Bygland kommune
Bykle kommune
Valle Kommune

Serviceboks 606
Evjemoen

pb. 4

4809
4735
4745
4754
4747

Arendal
Evje
Bygland
Bykle
Valle



SAKSFRAMLEGG

Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Saksmappenr.: | Sakshandsamar: | Arkiv:
2017/86-7

07.12.2017

Saksnummer: | Dato: | Utval

Høyringsuttale - framlegg til endringar i Vassføresegna i høve Vassdirektivet og lovverket

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 14.12.2017

Handsaming:

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Setesdal regionråd stør ikkje dei føreslegne endringane i naturmangfaldslov og vassføresegna som er til høyring.

Regionrådet tilrår at vassforvaltingsplanane bør handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova, eller at fylkeskommunen bør ha den formella rolle i vassforvaltingsarbeidet og i framtida.

Regional plan etter plan og bygningslova er eit godt verktøy for å fremme sektorovergrepande og heilskapleg vassforvalting, og for å nå måla om godt vassmiljø.

Organiseringa som er i dag er viktig for å sikre god politisk forankring i kommunane, engasjere lokalsamfunna og aktiv involvering av ulike interessentar/parter knytt til vassressursane.

Det regionale nivå som fylkeskommunane representerer bør framleis ha plan- og prosessansvar for dei regionale vannforvaltingsplanane med tiltaksprogram fordi fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regionale samordnar og samfunnsutviklar.

Omfattande endringar i vannforskrifta må ev gjerast på grunnlag av evaluering av prosess og måloppnåing knytt til vannforvaltingsplanar, tiltaksplaner.

Styret syner elles vurderingane i saksframlegget, til høyringsuttale frå Aust-Agder fylkeskommune frå Bykle kommune og Valle kommune og sluttar seg til desse.

Tilråding:

Setesdal regionråd stør ikkje dei føreslegne endringane i naturmangfaldslov og vassføresegna som er til høyring.

Regionrådet tilrår at vassforvaltingsplanane bør handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova, eller at fylkeskommunen bør ha den formella rolle i vassforvaltingsarbeidet og i framtida.

Regional plan etter plan og bygningslova er eit godt verktøy for å fremme sektorovergripande og heilskapleg vassforvalting, og for å nå måla om godt vassmiljø.

Organiseringa som er i dag er viktig for å sikre god politisk forankring i kommunane, engasjere lokalsamfunna og aktiv involvering av ulike interessentar/parter knytt til vassressursane.

Det regionale nivå som fylkeskommunane representerer bør framleis ha plan- og prosessansvar for dei regionale vannforvaltingsplanane med tiltaksprogram fordi fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regionale samordnar og samfunnsutviklar.

Omfattande endringar i vannforskrifta må ev gjerast på grunnlag av evaluering av prosess og måloppnåing knytt til vannforvaltingsplanar, tiltaksplaner.

Styret syner elles vurderingane i saksframlegget, til høyringsuttale frå Aust-Agder fylkeskommune frå Bykle kommune og Valle kommune og sluttar seg til desse

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styret i Regionrådet fekk orientering om Vassregionarbeidet frå Aust-Agder fylkeskommune i møte 22. nov 2017. Orienteringa omhandla særleg framlegg til endringar i vassføresegna som utdjupar tilhøve nedfelt i det såkalla Vassdirektivet (vedteke i 2006), som er Noreg si oppfølging av EU sitt rammedirektiv for vatn. Styret bad om at det vart utarbeidd eigen høyringsuttale frå Regionrådet – og oppmoda kommunane tilsvarande til å gi uttale og slutte seg til Fylkeskommunen sin uttale.

2. Saksopplysningar

Noreg slutta seg til EU sitt rammedirektiv for vatn gjennom «forskrift om rammer for vassforvalting som trådde i kraft i 2007. Føremålet med denne er å «gi rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre ei berekraftig bruk av vassførekomstane». Forskrifta skal også sikre at det vert utarbeida regionale vassforvaltingsplanar med sikte på å fastsette og føreslå tiltak for å nå miljømåla.

Vassforvaltingsplanane vert utarbeidd som regionale planar etter plan – og bygningslova og vassforskrifta. Arbeidet følgjer ikkje kommune- eller fylkesgrenser, men nedbørsfelt. Arbeide skal føregå heilskapleg på tvers av sektoransvar og geografiske grenser i eit langsiktig perspektiv. Miljømåla skal godkjennast av nasjonale myndigheiter.

Høyringsnotat vedrørande forslag til endringar i naturmangfaldlova og vassføresegna frå Klima- og miljødepartementet og Olje og energidepartementet følgjer her:

https://www.regjeringen.no/contentassets/f1ee352f3a0b4b9bb08bf0ade45c1378/horingsnotat_for_slag_til_endringer_i_naturmangfoldloven_og_vannforskriften_171005.pdf

I høyringsnotatet vert det sagt at det på bakgrunn av erfaringar med arbeidet av gjeldande forvaltingsplanar, og fordi desse i framtida berre skal revurderast og oppdaterast, så vil departementa gjere endringar i vannforskrifta og naturmangfaldslova. Endringane går m.a.ut på at;

- Fylkeskommunen skal ikkje lenger ha noko formell rolle i vassforvaltning
- Fylkesmennene skal koordinere det førebunde regionale arbeidet og Miljødirektoratet skal i samråd med andre direktorat syte for høyring og utarbeiding av dei regionale oppdaterte vassforvaltingsplanane.
- Vassforvaltingsplanane skal ikkje lenger vere regionale planar etter plan og bygningslova, men heimlast i naturmangfaldslova.

Det er tre grunnar til at desse endringane er føreslege:

- Meir effektive prosessar
- Meir kostnadseffektivt.
- Bedre samsvar med vassdirektivet.

Noreg er delt inn i 18 vassregionar. Agder vassregion omfattar både Agderfylka og deler av Rogaland og Telemark. Det er Vest Agder fylkeskommune som er vassregionmyndigheit i Agder. Agder omfattar 7 vassområde: Sira-Kvina, Lygna, Mandal- Audna, Otra, Tovdal, Nidelva og Gjerstad –Vegår.

Regional plan for vassforvaltning i vassregion Agder 2016 – 2021 vart vedteke 2.5.2015 av fylkestinga. Planen vart stadfesta i brev av 4.7.2016 frå Klima og miljødepartementet men med store endringar. Miljømål som kan medføre krafttap var t.d. endra. Endringane vart slik ein oppfatar det ikkje drøfta med Fylkeskommunane på førehand. Planen skal reviderast kvart 6. år.

Regionråda oppnemner representantar til Vassområdestyra – som skal sikre forankring og tovegs kommunikasjon relatert til tematikken.

3. Vurderingar

Arbeidet med vassforvaltingsplanar skal etter ev. endringar flyttast frå Fylkeskommunen til Fylkesmannen og heimlast i Naturmangfaldslova i staden for, slik som no, i plan og bygningslova. Ein tilrår at ein går inn for at arbeidet med vassforvaltning framleis er heimla i plan- og bygningslova og styrt av Fylkeskommunen, med politisk forankring, framfor at det vert heimla i naturmangfaldslova og at arbeidet vert styrt av Fylkesmannen.

Høyringsnotatet seier at etter endring av Plan – og bygningslova i 2016, er det no berre vassforvaltingsplanar av regionale planar som krev sentral godkjenning. Departementet meiner dette vil underbygge at vassforvaltingsplanar krev større grad av nasjonal heilskapstenking. Dei viser også til at forsyningssikkerheit for elektrisk kraft er eit nasjonal ansvar, og at vassforvaltingsplanane utgjer Noreg si oppfølging av eit EU direktiv og at dette også er eit nasjonalt ansvar.

For kommunane er planprosessane og høve til å framføre viktige lokale omsyn og medverke til framlegg som minimerar miljømessige skadeverknader i vassdraget som er sterkt påverka av vassdrageregulering særskilt viktig. Dette heng svært mykje saman med arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkår, som går på å finne løysingar som gjev betre miljøtilhøve lokalt, utan tap av fornybar energi.

Fylkeskommunen har ved gjennomføring av regionalplanarbeidet involvert mange aktørar i planarbeidet som t.d. bedrifter, interessentar og frivillige organisasjonar. Kommunane har vore involvert gjennom regionråda, totalt seks.

Departementet meiner vidare at etter endringane i plan og bygningslova i 2016 er det ikkje andre regionplanar, enn vassforvaltningsplanane som framleis skal godkjennast nasjonalt. Vassforvaltningsplanane krev i større grad nasjonalt overblikk enn andre regionale planar. Vidare syner departementet til at forsyning av strøm er eit nasjonalt ansvar. Naturmangfaldslova legg ikkje til rette for involvering av lokalsamfunn og interessegrupper i demokratiske prosessar slik plan og bygningslova gjer. Ein er kritisk til om effektivisering av planprosessar gjennom å utelate lokal medverknad. Ein er og uroleg for om oppgåveplasseringa kan ha innverknad på vilkårsrevisjonen i sær i sterkt modifiserte vassdrag som Otra er, med dei endringane ein legg opp til.

Regionalplan for vassforvaltning kan verte eit nyttig verkemiddel i arbeidet med framtidige vilkårsrevisjonar i regulerte vassdrag og ein god planprosess kan medverke til at ein held miljøfokus og ulike interesser fram samla og med god polistisk forankring. Endringane som er føreslegne vi føre til vesentleg dårlegare forankring i dei røde lokalsamfunn. Dei demokratiske prosessane som kommune og fylkeskommunar er vande med å arbeide etter i høve plan – og bygningslova, vert borte.

Ein er tilsvarende kritisk til kva lovverk og omsyn vil gå føre dersom det er motstrid mellom ønskjelege miljøtiltak og vilkårsrevisjonar for regulantantar dersom avveginga vil føregå i direktorat/departement.

Grunnlaget for å vurdere nye grep er tufta på særskilt kort periode for røynsler med dagens organisering og ansvars plassering. Gjeldande vassforvaltningsplanar har berre verka 1,5 år. Det er i seg sjølv grunn for at ein tilrår at saka blir utsett til ein har eit betre evalueringsgrunnlag som utgangspunkt for ev forslag til endringar.

Valle, den 07.12.2017
Signe Sollien Haugå
dagleg leiar

Vedlegg:
Framlegg til høyringsuttale – Aust– Agder fylkeskommune
Framlegg til høyringsuttale – Bykle kommune
Framlegg til høyringsuttale – Valle kommune